



Årsmøte i Åseral idrettslag

Torsdag 25. mars kl. 18:00, Gamle gymsal

Saksliste:

1. Godkjenning av sakliste og innkalling
2. Val av dirigent og referent
3. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen
4. Årsmelding 2020
5. Rekneskap 2020
6. Kontingent
7. Budsjett 2021
8. Val

Åseral, mars 2021

Kari Røynlid (sign.)

Kai-Tore Øyulvstad (sign.)

Ingvild Foss Forgard (sign.)

Olav Engeli (sign.)

Ketil Løkås (sign)

SAKSLISTE:

1. Godkjenning av saksliste og innkalling

2. Val av dirigent og referent

3. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen

4. Årsmelding 2020

Styret dette året har vore:

- Kari Røynlid (leiar)
- Kai-Tore Øyulvstad (nestleiar)
- Ingvild Foss Forgard (kasserar)
- Olav Engeli
- Ketil Løkås.

Leiarar for undergruppene Kristine Forgard (leiar sommargruppa), Renee Stanes (leiar fotballgruppa) og Gunvor Ljosland (leiar hallgruppa) har moglegheit til å delta på styremøtene. Vintergruppa har på grunn av sjukdom mangla leiar dette året.

Styret har i 2020 hatt 8 møte, inkludert årsmøtet.

Det har vore jamn møteaktivitet på grunn av utfordringar knytt til smittevern. Leiar har hatt fortløpande kontakt med vaktmeisterar i treningssenteret for å sørge for at smittevernreglar vert haldne.

Aktivitetar 2020:

Dette året har vore heilt spesielt på grunn av Corona-viruset og nedstenging av alle aktivitetar og arrangement frå den 12 mars. Treningssenteret var stengt fram til etter skuleferien.

Dette har medført mindre aktivitetar og mindre inntekter til treningssenteret. I tillegg har det blitt store ekstraavgifter etter opning på grunn av auka smittevernomsyn og innkjøp av sprit/papir til vask. Styret har brukt tid på å lage smittevernreglar slik at me kunne halde opent. Alle som har kjøpt brikke fekk utvida sitt abonnemnet tilsvarande tida me har hatt stengt. Dette er ein goodwill frå ÅIL, som me ikkje får kompensert, men som me anser som viktig for at folk tek i bruk treningssenteret.

Avtale med Åseral kommune

Etter fleire møte og etterlysing av framdrift i saka, har ÅIL endeleg kome i mål med ein skrifteg avtale med Åseral kommune. Denne er nå sendt til rådmannen for signatur. Avtalen gjer greie for kva som er kommunen sitt ansvar og kva ÅIL har ansvar for og omfattar fleirbrukshallen, treningssenter, fredagsbading, idrettsanlegga (ballbinge, friidrettsanlegg og møykjeplassen) og løypekøyring (ljosløypa).

Dette vil gjere det mykje lettare for ÅIL å etterspør vedlikehald når avtalen er på plass.

Samarbeidsavtaler og sponsorar

Åseral idrettslag har inngått treårig samarbeidsavtale med Sparebanken Sør, noko vi er svært glad for.

I tillegg er det jobba aktivt for å få nye sponsoravtalar dette året, då samtlege avtalar var gått ut. Som jolegåve dette året hadde idrettslaget bestilt hettegenser for sal der oversikt over alle nye sponsorar vart presentert.

Oversikt over samarbeidspartnarane våre:

- Sparebanken Sør
- Tom Stulien
- Rolfs Elektro
- Sørmeqleren
- Coop
- Odde sagbruk
- Thorsland elektro

Samarbeidsavtale med Intersport Evje:

Åseral idrettslag har samarbeidsavtale med Intersport Evje AS. Medlemmar får dermed rabatt på diverse sportsartiklar på Intersport Evje. Medlemskort må framvisast ved slike rabatterte kjøp. I tillegg får medlemmar 15 % på varer hos Løplabbet. Medlemskort lastar du ned i Min Idrett.

Heimeside/Facebook

Me jobbar heile tida for at heimesida til ei kvar tid skal ha oppdatert og relevant informasjon. Me har brukt tid dette året for å rydde opp i sponsorar og anna informasjon på nettsida, men me har ennå eit forbedringspotensiale.

Styret og undergruppene har ansvar for å publisere sine ting.

Dersom du som brukar saknar informasjon, så ta kontakt med oss. Følg oss også på Facebook, for enkel, tilgjengeleg og rask informasjonskanal.

Grasrotandelen:

Åseral idrettslag er registrert i Frivillighetsregisteret og deltek dermed i Grasrotandelen. Det totale genererte beløpet i løpet av året 2020 vart kr. 30 515,-.

Politiattest:

Trenarar, instruktørar og lagleiarar med eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming er pliktig til å innhente og framvise politiattest.

Gruppeleiarane har ansvar for å sjekke at dette blir gjort når nye trenarar byrjar. Kai-Tore Øyulvstad har i 2020 administrert ordninga.

Takk:

Åseral idrettslag vil takke trenarane og leiarane i dei ulike aktivitetane, alle som har delteke på dugnad av ulik slag, badevakter og ikkje minst alle deltakarane som stiller opp på våre treningar og arrangement.

Årsmelding for fotballen i Åseral Idrettslag 2020.

Fotballen i Åseral har i 2020 hatt ca. 45 spillere fordelt på 4 lag – micro, mini, lille og jentelag.

Året har jo vært ganske så annerledes, og derfor har det i perioder vært lite trening. Coronaen medførte at det ikke ble noen Bygdeserie på vår og forsommer, men det ble Bygdeserie på høsten.

Ingen av lagene har kunnet delta på cuper pga. Covid-19.

Engasjementet til ungene har i høst vært stort, etter at de ikke fikk trene og spille kamper. Spillegleden og innsatsen har vært svært god, og frafallet har vært minimalt. Noe vi er svært glade for.

Til tross for Covid- 19 har vi fått til å arrangere Fotballskolen som tidligere år.

Trening for old boys har det så å si ikke vært i 2020.

Treningene for ungene i micro, mini og lille har nå startet opp igjen, og vi håper det skal bli en litt annen sesong i år. Planen er at alle lag skal spille i Bygdeserien, og at de skal meldes på cuper. Hvilke cuper som blir er ennå ikke helt klart, og det er mulig flere av disse blir flyttet til høsten.

Fra høsten 2020 har det blitt startet et G15 lag, som inkluderer jentene fra jentelaget. De er ca. 10 stk. og trener 2 ganger i uka. Planen er at de skal delta i 7er- serien i år.

Årsberetning fra de ulike lagene:

Årsmelding Micro

På micro-laget var det ti spreke 2. Og 3.klassingar med på laget. På våren var det grunna korona ikkje bygdeserie, men då hausten kom fekk me fire artige kampar mot Grindheim, Konsmo og to lag frå Hægebostad. Kvar einaste kamp var alle i kjempehumør og ikkje ei einaste sur mine var å spore om det enda med tap. Fotballgleda er stor blant dei aller yngste spelarane i kommunen!

Gunvor



Micro 2020



Årsmelding Mini

16 spelarar. Trening ein gong i veka. Fekk 5 kampar på hausten, då stilte me med to lag. Alt av cupar og turneringar frå mars fram til etter sommaren gjekk ut. Me fekk heldigvis 12 treningar før korona-stoppen.

Stort engasjement og godt oppmøte.

Trenarar: Svein og Tone Astrid



Årsmelding Lille

Det ble en noe amputert sesong for årets lilleputt lag Coronasituasjonen medført i første omgang en nedstenging av felles trening innendørs.

Utetrening ble imidlertid startet opp i april. God oppslutning og god trening medførte god framgang spillemessig.

Serien ble spilt med bare høst kamper og med redusert antall lag .

Åseral lilleputt gjorde imidlertid en flott serie med 5 seiere og et knepent tap.

Vi hadde et godt lag på gang så det var synd at de cupene vi normalt deltar i ble avlyst.

Spillere på laget denne sesongen:

Jørland Lindjord , Glenn Lindjord,Tor Andre Lindjord,Jørgen Åsland, Henrik Åsland,Julie Åsland,Hedda Tomine Flodqvist, Ragnhild Austegard,Kristian Haraldstad,Emil Orthe, Trener for lilleputt : Inger Åsland og Sven Haraldstad

Mvh Sven Haraldstad

Årsmelding Jentelaget

Ivrig gjeng. Trente ein gong i veka fram til stenging i mars. De har vært ca. 10 spillere. Veldig gøy med motiverte spelarar. Agdermesterskapet, men motet mista dei ikkje og me såg utvikling frå kamp til kamp.

Trenaar: Emil, Tonje, Øystein og Tone Astrid



Fotballskolen

Etter en utsettelse fra juni klarte vi og arrangerer Tine Fotballskole i Åseral helgen 4-6 september.

Årets fotballskole ble litt annerledes enn tidligere arrangerte fotballskoler pga. Covid 19, og det var mye arbeid i forkant for at alt skulle forgå etter smittevernforskriftene. Det var stort søkelys på vask og desinfisering av hender. Mange plakater og diverse informasjon ift. smittevern måtte opp på forhånd. Mye av planleggingen gikk med til å finne ut hvordan vi kunne overholde reglene for avstand mellom grupper, lage mindre grupper, arrangere intern cup og hvordan vi skulle lage maten ferdig etter forskriftene, I tillegg måtte instruktører og arrangører gjennomgå et coronavett kurs.

Alt arbeid var vel verdt når vi tok imot 64 ivrige barn fredag ettermiddag. Helgen ble en stor suksess, med mye moro og yrende liv. Fotballskolen for 2021 er allerede under planlegging, og vi satser på også i år å bruke en helg til arrangementet.





Årets instruktører – alle fra Åseral 😊





Det ble dessverre ingen felles fotballavslutning i år. Istedenfor var alle lagene på Bowlingen på Evje, hver sin gang, med mat, brus, bowling og kos. Her mottok de årets premie fra fotballen.

For Fotballgruppa

Renee

ÅRSMELDING – HALLGRUPPA – ÅSERAL IDRETTSLAG 2020

Hall-gruppa har sidan årsmøte hatt desse medlemmane: Eva Wold, Laila Ljosland, Kari Anne Fosse og Gunvor Ljosland. Hallgruppa vart og utvida med fire nye i 2020 som primært skal ha ansvar for Treningssenteret. Desse er Eva H. Åsland, Rune Andreas Aasland, Ann Kristin Tollefsen og Kristine Forgard.

Hallgruppa sine ansvarsområde er Barneidrett, Treningssenter, Måndagstrim og Fredagsbading.

Måndagstrimmen har i «koroanåret» hatt færre treningar enn vanleg. Det har i periodar vore forbode med trening for vaksne innandørs, så derfor flytta damene ut på fotballbanen. Oppmøtet har likevel vore godt (i all salgs vèr) og treningsgleda er stor.

Barneidrett: Planen me hadde om aktivitetsleiarkurs i vår «tok koronaen med seg». Det har ikkje vore nokon allidrett for dei minste etter nedstenginga i mars.

Fredagsbadinga har også ligge i dvale frå nedstenginga til 30.oktober. Då fekk me lov å starta opp att. Det er mange som nyttar seg av tilbodet og det er moro for dei som stiller opp som badevakt og sjå at det dei gjer er til glede for store og små i kommunen. I år har me fortsetta med å ikkje ha bading fredag når ein ferie startar då oppmøte desse dagane var dårleg. Me har ikkje fått klager på dette. Minimum ein av badevaktene må ha årleg livbergingskurs.

Treningssenteret har og vore stengd frå 13.mars til 13.oktober. Då kommunen sette krav om at me måtte ha bemanna senteret i åpningstida var det ikkje mogleg for oss å få organisert dette. Etter kvart kom me fram til ei løysing som begge partar var fortrulege med. Det er stort fokus på smittevern og reinhald på treningssenteret! Gjengen med «vaktmeistrar» gjer ein kjempejobb med å sjå etter og reparera feil og manglar, samt oppretthalda rutiner rundt reinhald og smittevern. Det er trening for ungdom på måndagar når det er kontorvakt.

Tusen takk til alle som bidreg med arbeid av ulik slag til hallgruppa sitt arbeid!

For hallgruppa
Gunvor Ljosland

Årsmelding for vintergruppa 2020

- Erik Wold og Siw Linjord

2020

Skoræ rundt var den einaste aktiviteten skigruppa hadde i 2020 etter årsmøtet. ÅIL stod som rennansvarlig overfor kretsen og vintergruppa stilte med løypevakter og hadde alt ansvar for drikke og matstasjonen ved Lakkenstova.

Det var med 50 deltakarar på rennet.

I tillegg vil eg skryte av arrangørane som stelte i stand til gode aktivitetar for ungane i skileikområdet ved gapahuken inne i enden av Farevatn. Her var det premie til alle ungane som deltok.

Premieutdelinga for karusellrenna + klubbmeisterskap (2020) blei gjennomført som drop in på Minne 11. mars. Dette var pga. varslingane om coronasituasjonen som var i kominga.

Helsing skigruppa



Årsmelding for sommergruppa 2020



Gruppekontakt: Kristine Forgard

Kva har vi gjort i 2020

Dette året blei litt anderledes grunna Corona, mykje utgjekk og mykje vart avlyst etter anbefaling frå kommuneoverlegen, eks: Sesilåmi, klatresøndag, nissemarsj.

«Torsdagstur for deg»:



Her valgte me å gjennomføre turer- med auka fokus på avstand mellom deltagere. Me hadde me gåtur 3 torsdager i Juni, 4 i september, samt to torsdagar i august. Dette skal vere eit tilbud for alle- der vi går nye og gamle løyper og veger- for også å bli litt bedre kjent med bygda og Åseral. Turene var også i år annonsert i FLIR sin katalog «Naturlos» -og dette medførte fleire deltakerar utanbygds frå, særlig frå den eldre garde. Tilbudet har vore populært, der antall deltagere varierte tydelig med sola. Det kom mange forskjellige kvar gong, flest damer, men også nokre menn og born. Det møtte opp mellom 7-31 stykk kvar gong. Litt mindre premiering i år = litt mindre deltagere som fullførte 8 av 9 turer. Dei turene som er mest populære er dei «nye» turene som «ingen» har gått før. Me forsøkte å dele i to grupper også i år- der ei gruppe har «større» fart enn den andre gruppa, svært greit på dei turene med mange deltagere. Me forsøker med kun ei gruppe i år.

Introkurs treningssenteret:

Hausten 2019 og jan\feb 2020 hadde me fleire introkurs. Me fortsatte med dette hausten 2020, men rakk berre å ha eit kurs før treningssenteret måtte stenge ned. Det introkurset me rakk var for ungdomer som ønsker å trene i måndagstida. Positive tilbakemeldinger på dette!

10-toppers



Åshild Åsland har for ÅIL, i samarbeid med FLIR, også i år fått laga til ei super 10-toppers samling med turmål, lik det som finnes i nabokommunen Evje. Det var 13 vaksne og 4 barn som fullførte alle 10 turene.

I 2018 startet også en egen side på Facebook for disse turene. Det har vært bra for å skape dialog og informasjon til publikum. Med gode bilder har mange blitt inspirert til å gå mer på tur. Åshild Moi Aasland har gjort en stor jobb med vedlikehold; skifte av plakater på toppene og godt informasjonsarbeide.

Bortelid Triatlon



Bortelid Triatlon ble for første gang arrangert i 2014 og har nå blitt en årlig sommeraktivitet på Bortelid.

I år ble løpet arrangert med visse koronatilpasninger ifølge veileder fra Triathlonforbundet. Det ble ikke mulig å stille som lag i år og Juniortriatlonet valgte vi også å ikke gjennomføre - slik at det kun blir ett løp med enkeltstartene deltakere.

-Vi takker 35 spreke deltakere som var med og gjorde dette til en flott dag
Temperaturen i Bortelidtjønna var nærmere 22 grader og sola viste seg innimellom så vi håper tilskuere og deltakere hadde en fin dag i sommervarmen.

Frå Åseral hadde me 5 deltagere.

Vi gratulerer årets vinnere:

I herreklassen kom Håkon Sakariassen inn på rekordtiden 1:23:58 og i dameklasse imponerte

Olivia Forgard med tiden 1:46:58

symjing – Ca700m

sykling –Ca 25,5 km (asfalt, grus og terreng)

løping: 7 km (asfalt og terreng)

Mål til neste år: meir reklame for arrangementet.

Kristine Forgard, leiar sommergrupp

5. Rekneskap 2020

Sjå eige ark

6. Kontingent

Kontigenten er pr 2020 slik:

Enkeltmedlemsskap 350,-

Seniormedlemsskap 150,-

Juniormedlemsskap 150,-

Familiemedlemsskap 800,-

Styret innstiller på at årskontingenten vert vidareført med same sats for 2021.

7. Budsjett 2021

Innstilling frå styret:

Styret skal sjå til at driftsresultatet totalt sett i idrettslaget går i 0,- eller gir eit positivt resultat.

Årsmøtet set av kr. 300 000,- til nytt stadionbygg

Det vert ikkje utarbeida enkeltbudsjett for undergruppene, men årsmøtet gir følgjande føringar i forhold til økonomi:

- Ny gruppe for treningssenter får inntil 30 000,- pr år til investering i nytt utstyr pr år.
- For alle undergrupper gjelder følgjande: Innkjøp til nødvendig utstyr/deltakaravgifter/premiar/vedlikehald på inntil kr. 5000,- kan gjerast i gruppene. Innkjøp over kr. 5000,- må avklarast på førehand med styret.

8. Val

Innstilling frå valnemnda

STYRET:

- Kari Røynlid, føreslås som leiar (på val 2022)
- Olav Engeli (på val 2023)
- Ingvild Foss Forgard (på val 2023)
- Kay Tore Øyulvstad (på val 2022)
- Ketil Løkas (på val 2022)

SOMMARGRUPPA: (ansvar – turar, friidrett, klatring m.m)

- Kristine Forgard, gruppekontakt, (på val 2022)
- Tonje Reiersdal (på val 2023)
- Bente Forgard Lineikro (på val 2022)
- Jørgen Berg (på val 2022)
- Ungdomsrepr. Anne Haug Røynlid (på val 2022)
Ann Kristin Austegard (på val 2022)

VINTERGRUPPA: (ansvar – ski, bidra på arrangement vinterstid)

- Norunn Tveit, gruppekontakt vintergruppa (på val 2023)
- Siw Linjord, vintergruppa (på val 2022)
- Erik wold, vintergruppa (på val 2023)
Jan Rune Øvland (på val 2023)

BALLGRUPPE: (ansvar – fotball, volleyball)

- Svein Åsland (på val 2022)
- Grethe Berås (på val 2022)
- Tone Astrid Folkvord Flodquist (på val 2022)

HALLGRUPPE: (ansvar – barneidrett, fredagsbading, klatring og aerobic)

- Gunvor Ljosland gruppekontakt (på val 2022)
- Eva Wold (på val 2022)
- Kari Anne Fosse (på val 2023)
- Nina Ludwig (på val 2023)

TRENINGSSENTERGRUPPE (ansvar – drift av treningssenter, treningar, innkjøp)

- Eva Åsland gruppekontakt (på val 2022)
- Kristine Forgard (på val 2022)
- Rune Andreas Aasland (på val 2022)
- Ann Kristin Tollefsen (på val 2022)

SKISKYTTERGRUPPA (BORTELID ARENA) (ansvar – drift og aktivitetar kring Bortelid Arena)

Anstein Mykland gruppekontakt (på val 2023)
Jan Ivar Kleveland, Øvrebø (på val 2023)
Rune Dalane, Birkenes (på val 2023)
Finn Kolstad, Kristiansand (på val 2023)
Lena Larsen, Lyngdal (på val 2022)
Olav Farstad, Eiken (på val 2022)
Jan Egil Eriksen, Kristiansand (på val 2022)

REVISOR

- Inger Lise Austrud (på val 2022)
- Eirin Åsland Goksem, (på val 2022)

VALNEMND:

Styret er innstilt som valnemnd

Ungdomsrepr: Anne Haug Røynlid. (På val 2022).

ÅSERAL FRIVILLIGSENTRAL: Leiar Kari Røynlid

UTSENDING TIL IDRETTSTINGET: Leiar Kari Røynlid

ÅSERAL IDRETTSRÅD: Leiar Kari Røynlid og Jan Oddvar Lineikro